

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

| Utval: | Møtedato: | Saksnr.: |
|---------------|------------|----------|
| Formannskapet | 02.10.2018 | 065/18 |
| Kommunestyret | 01.11.2018 | 065/18 |

| Saksbehandlar: | Arkiv: | ArkivsakID: |
|----------------|----------|----------------|
| Per Langnes | FE - 210 | 18/580-18/9689 |

Tertiairrapport 2. tertial 2018

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tek tertiairrapporten for 2. tertial 2018 til vitande.

Vedlegg:

Tertiairrapport - 2 tertial 2018

Haram kommune - Gjeldsportefølje 31.08.18

Haram kommune - Finansrapport pr 31.08.18

02.10.2018 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

FS-065/18 Vedtak:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret tek tertiairrapporten for 2. tertial 2018 til vitande.

Saksutgreiing:

I følgje økonomireglementet for Haram kommune skal det kvar tertial leggjast fram ein økonomirapport til kommunestyret. Rapporten som no vert lagt fram gir i tillegg litt oversikt over korleis status på arbeidet er i forhold til styringskortet. Ein fyldigare rapport vil bli gitt i årsmeldinga.

Dei fleste einingane rapporterer om at ein ligg innanfor ramma, men på einskilde område ser det ut til å kunne gå mot eit meirforbruk. Dette gjeld spesielt innanfor barnehagetenester (ca. 1,8 millionar), og omsorgstenester (ca. 5 millionar).

Rekneskapen for 2017 viste eit overforbruk på desse områda som det ikkje var tatt høgde for å vidareføre i 2018-budsjettet. Det vil vere krevjande å kome ned på

ramma utan at det vert reduksjon i tenestetilbodet.

Gjennomføring av lovpålagte tenester gjer det ofte vanskeleg å kunne redusere kostnadane innanfor dei rammene kommunestyret har satt. Rådmannen vil likevel sjå på moglegheitene for kva tiltak som kan settast inn, samt sjå på moglegheitene for eventuelle budsjettjusteringar. Ein legg og opp til å kunne legge rapporten fram for formannskapet i to runder før behandlinga i kommunestyret. Eventuelle føringar frå formannskapet kan då vurderast og behandlast på nytt før sluttbehandlinga i kommunestyret.

Kommunen har budsjettet med 16 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga i 2018. Ved utgangen av 2. tertial hadde vi ein samla verdiauke på ca. 15 millionar kroner. Skatteinngangen ligg 5,17 % høgare enn på same tid i fjar. Dette er høgare enn landsgjennomsnittet som ligg på 3,3 %.

Ein viser elles til dei kommentarane som er lagt inn i rapporten.

Rådmann

Per Langnes
Leiar Stab/støtte



TERTIALRAPPORT

2. TERTIAL 2018



FOTO: LINN-SOFI KARLSEN VEDDE



HARAM
KOMMUNE

HARAM
World-Class Team Builders

INNHOLD

| | |
|--|----|
| 1. INNLEIING | 3 |
| 2. STYRINGSKORTET | 3 |
| FOKUSOMRÅDE | 3 |
| BRUKARPERSPEKTIVET | 3 |
| PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR..... | 6 |
| MEDARBEIDARPERSPEKTIVET | 10 |
| PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING | 13 |
| Økonomirapport 2. tertial 2018 | 15 |

1. INNLEIING

Tertiアルrapporten for 2. tertial omfatta økonomirapportering, og i tillegg vert det gitt ein status i forhold til styringskortet. Fyldigare rapport vil bli gitt i årsmeldinga.

Dei fleste einingane rapporterer om at ein ligg innanfor ramma, men på einskilde område ser det ut til å kunne gå mot eit meirforbruk. Dette gjeld spesielt innanfor barnehagetenester (ca. 1,8 millionar), og omsorgstenester (ca. 5 millionar). Rekneskapen for 2017 viste eit overforbruk på desse områda som det ikkje var tatt høgde for å vidareføre i 2018-budsjettet. Det vil vere krevjande å kome ned på ramma utan at det vert reduksjon i tenestetilbodet.

I tillegg ser ein at det er usikkerheit knytt til inndekking av meirkostnadene innanfor grunnskule. Gjennomføring av lovpålagte tenester gjer det ofte vanskeleg å kunne redusere kostnadene innanfor dei rammene kommunestyret har satt. Rådmannen vil likevel sjå på moglegitetene for kva tiltak som kan settast inn, samt sjå på moglegitetene for eventuelle budsjettjusteringar.

Kommunen har budsjettet med 16 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga i 2018. Ved utgangen av 2. tertial hadde vi ein samla verdiauke på ca. 15 millionar kroner. Skatteinngangen ligg 5,17 % høgare enn på same tid i fjor. Landsgjennomsnittet ligg på 3,3 %.

2. STYRINGSKORTET

Styringskortet vart utarbeidd i byrjinga av året, og lagt fram for formannskapet i møte 23.01.18 til godkjenning. Styringskortet bygg på kjente styringssignal gjennom kommuneplan, handlingsprogram og økonomiplan, årsbudsjett og gjennom andre aktuelle politiske vedtak. Det er i rapporteringa under dei ulike perspektiva gjort ei vurdering i forhold til kva ein reknar med å få gjennomført i 2018. Ambisjonane og prioriteringane i styringskortet for 2018 er prega av at kommunen også deltar aktivt i etablering av Nye Ålesund kommune.

FOKUSOMRÅDE

Fokusområde for alle perspektiva i 2018 er

- Forpliktande tverrsektoriell og tverrfagleg samhandling.
- Førebuing/arbeid knytt til danningsa av den nye kommunen.

BRUKARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal levere moderne og brukarretta tenester, i samspele med innbyggjarar / omgivnader.

Vurdering i forhold til styringskortet:

| Prestasjonsmål | Kommentar |
|--|---|
| Innbyggjarane skal til ei kvar tid vere orientert om prosesessen med danningsa av ny kommune i samsvar med vedtatt kommunikasjonsstrategi. | Det er etablert eiga nettside www.nyealesund.no der det løpende vert lagt ut informasjon knytt til danningsa av den nye kommunen. På Haram kommune si nettside vil ein finne link til fellessida for den nye kommunen. |
| Elektronisk kommunikasjon skal vere etablert på aktuelle område, og vere førstevalget i dialogen med innbyggjarane. | Kommunen legg til rette for digital dialog gjennom elektroniske skjema og gjennom bruk av SvarUT der mottakar kan få brev frå kommunen til si digitale postkasse. SvarUT er førebels ikkje etablert på alle område, og det er framleis mange som ikkje har ordna seg med digital postkasse. |

| Prestasjonsmål | Kommentar |
|---|---|
| Gjennom forpliktande tverrfagleg samhandling legge til rette for at barn og unge kan meistre eige liv, kjenne seg trygge, inkludert og verdsett (ma. psykisk helse, fattigdomsproblematikk, adferd og tilrettelagte tilbod for barn og unge med nedsatt funksjonsevne). | I tråd med styringskortet er det i 2018 arbeidd intensivt med å utvikle eit system for Heilskapleg psykisk helsearbeid for barn og unge. Systemet som skal utviklast omfattar alle innsatsnivå – frå folkehelsearbeid, generell forebygging, tidleg innsats og forpliktande samhandling overfor dei som treng spesifikke tiltak ift si psykiske helse. I Haram arbeider vi parallelt med å utvikle dette systemet gjennom vårt lokale Saman for barn og unge og det regionale Mission Possible, der også andre kommunar, helseforetak, politiet og Bufetat er med. Det blir køyrt ein felles og koordinert prosess, der nettopp dette er satsingsområde for 2018. Vi reknar med å få synergieffektar av å gjennomføre denne satsinga både lokalt og regionalt samtidig. Vi går nøye til verks: analyserer utfordringsbilde, trendar og styringssignal, går gjennom kva tiltak vi har og kva som må på plass, evt kva oppgåver vi kan løyse saman med andre – både innan offentleg, privat og frivilleg sektor. Ikkje minst blir det viktig å sette fokus på kva som skal til for å få den forpliktande samhandlinga til å fungere på alle nivå. Arbeidet er godt i gang, og den ambisiøse målsettinga er å ha systemet på plass ved utgangen av 2018. |
| Etablering av felles organisering for saksbehandling innanfor helse og omsorg for å oppnå likeverdig vurdering. | På grunn av utfordingar med kapasitet med rett kompetanse, har ein berre hatt ein kort periode med slik utprøving. Ein vel no å avvente vidare arbeid då det er nedsatt faggrupper som ser på korleis ein skal ha tildeling av tenester i «nye Ålesund» |
| Ta i bruk velferdsteknologi på aktuelle område | I første tertial vart det rapportert om bruk av velferdsteknologi under perspektivet for prosess og formyning. Velferdsteknologiske løysingar vert no innført i større breidde. Haram kommune er ein av dei første til å teste ut «Room mate» til digitalt tilsyn i privat heim. |
| Byggjeprosjekt som kommunestyret har fatta vedtak om å utgreie skal vere utgreidd i. Skule Eidet ii. Utviding av barnehagetilbodet i området Tennfjord-Vatneeidet (k-sak 088/17) iii. Symjeanlegg | Kommunestyret behandla i møte i juni sak knytt til ny skule på Eidet. Saka vart tatt til orientering, samtidig som ein vedtok at ein skulle lyse ut eit oppdrag som byggherrein sin prosjektleiar. I same møte vart sak om utviding av barnehagetilbodet i Tennfjord/Vatne-området behandla. Det vart vedteke at ein skal gjere ei utgreiing av ny barnehage på Vatneeidet og ombygging av Tennfjord skule til barnehage. Vidare arbeid er under planlegging og vil kome i gang i 3.tertial. Kommunestyret vedtok i mai å gjennomføre skisseprosjekt for nytt badeanlegg, for alternativa: <ul style="list-style-type: none">• Folkebad i Brattvåg sentrum• Opplæringsssenter - renovering/påbygg til symjehallen Dette arbeidet er godt i gang, og det er engasjert rådgjevar til utarbeidning av skisseprosjekta. |

| | |
|---|--|
| <p>Planarbeid mv. som kommunestyret har fatta vedtak om å utarbeide/utgreie skal følgjast opp i tråd med gitte rammer.</p> <ul style="list-style-type: none"> i. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen skal prioritert. ii. Kulturminneplan iii. Plan for idrett og fysisk aktivitet iv. Hamnsundsambandet v. Revidering av beredskapsplan i samarbeid med dei andre kommunane i nye Ålesund vi. Plan for sikker og stabil drikkevassforsyning vii. Revidering av handlingsdelen av boligsosial handlingsplan | <p>Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vore prioritert, og framlegg til plan vil snart bli lagt fram for det faste utvalet for plansaker med tanke på utlegging til 1. gongs offentleg ettersyn.</p> <p>Det er sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med kulturminneplanen. Dette arbeidet skal vere ferdig i 2019.</p> <p>Revidering av plan for idrett og fysisk aktivitet har det ikkje vore arbeidd med, og vil vere vanskelig å prioritere i 2018.</p> <p>Kommunestyret behandla i juni ei prinsippsak knytt til trasevalg for Hamnsundsambandet. På grunn av merknadar og motsegner til planen knytt til veg i dagen ut til Store Kalvøy vart det stilt spørsmål om denne kunne utelatast i det vidare planarbeidet. Kommunestyret held fast på at trasèen til Store Kalvøy framleis skulle vere med.</p> <p>Det er nedsett eiga faggruppe knytt til beredskap i arbeidet med danninga av ny kommune. Det vert arbeidd med overordna ROS-analyse for kommunen.</p> <p>Det vert arbeidd med ny hovudplan for vassforsyning. Kommunestyret behandla i juni orienteringssak knytt til pågående arbeid knytt til vassforsyninga.</p> <p>I høve utarbeiding av boligsosial handlingsplan treng ein ei kartlegging av behova. Ein ser at eit slikt arbeid overlappar med det arbeidet som inngår i styringsgruppene og faggruppene sitt arbeid inn mot Nye Ålesund. Ein vurderer difor at det kan vere hensiktsmessig å avvente med å utarbeide handlingsdelen av boligsosial handlingsplan.</p> |
| <p>Oppfølging av kartleggingsarbeidet knytt til kvalitet (tenestelevering i forhold til forventingar) på utvalde tenesteområde. Jfr. Styringskort 2017</p> | <p>Barnehagane arbeider vidare med funna som er gjort etter foreldreundersøkjinga og Ståstadsanalysa. Dei barnehagane som ikkje gjennomførte undersøkjinga i 2017 skal gjennomføre undersøkjinga i 2018.</p> |

Andre ting innanfor brukarperspektivet som det vert rapportert om:

Ordføraren har gjennom svar på grunngjevne spørsmål opplyst at det skal kome ei sak knytt til oppfylling av driveplikta i landbruket. Dette har det vore arbeidd med, og sak vil bli lagt fram for formannskapet.

Det vert arbeidd med å få barnehagane godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern. 2 barnehagar er no godkjende.

PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal nytte ressursane effektivt.

Vurdering i forhold til styringskortet:

| Prestasjonsmål | Kommentar |
|--|--|
| Økonomireglement og finansreglement skal vere ferdig revidert og vedtatt. | Dette er ikkje ferdig, men er tenkt lagt fram som sak mot slutten av året |
| Saman med dei andre kommunane sikre etablering av eit heilskapleg ressursstyringssystem, herunder økonomi- og rekneskapssystem i den nye kommunen. | Dette vert ivaretatt gjennom arbeid i styringsgruppe/faggruppe knytt til nye Ålesund. |
| Aktuelle utgreiingar mv. skal vere ferdige og lagt fram sak på: i. Resultat av ROP-prosjekt (k-sak 099/17) ii. Spørsmål om evt. symjing i barnehagar (k-sak 095/17) iii. Korleis ein kan utnytte ledig areal ved Eidet omsorgssenter (k-sak 095/17) iv. Korleis ungdomsrådet kan medverke og føle seg inkludert i det politiske arbeidet (k-sak 095/17) v. Korleis kommunen kan få ei meir sikker og stabil vassforsyning (k-sak 095/17) vi. Utfordringar og kostnadar knytt til gravplassane framover (k-sak 095/17) vii. Utgreiing av ulike alternativ for samlokalisering av barnehagar og barneskular på Nordøyane (k-sak 088/17) | I rapporten for 1. tertial vart det vist til behandling av saker i kommunestyret knytt til symjing i barnehagar og knytt til ledig areal ved Eidet Omsorgssenter. I høve dei andre punkta er status slik: Presentasjon av resultatet knytt til ROP-prosjekt er tenkt lagt fram for kommunestyret seinare i år. Ungdomsrådet har vore i kommunestyret og presentert seg og snakka om saker dei meiner er viktige. Vidare har dei hatt fokus på nye Ålesund og vore vertskap for eit fellesmøte med alle ungdomsråda i nye Ålesund. Her har den politiske styringsstrukturen i nye Ålesund vore tema, og leiaren av politisk komite for nye Ålesund deltok på møtet. Elles har ungdomsrådet invitert politikarane til elevrådskonferanse der ordføraren og andre politikarar har delteke. Orienteringssak knytt til vassforsyning vart lagt fram for kommunestyret i juni. Spørsmålet om utfordringar og kostnadar knytt til gravplassane har vore oversendt til fellesrådet som opplyser at dei vil kome tilbake til dette i løpet av hausten. Utgreiing av ulike alternativ for samlokalisering av barnehagar og barneskular på Nordøyane var tenkt lagt fram seinare i år. Usikkerheit knytt til realiseringa av Nordøyvegen tilseier at ein kanskje bør vente med å legge fram saka til dette er avklart. |
| Kommunale bygg som er vedatt avhenda skal vere lagt ut for sal på den opne marknaden. | Sal av Kveldsro og gamle Vatne Sjukeheim er gjennomført i samsvar med vedtak om avhending. Sak knytt til Hildre skule vart lagt for kommunestyret i juni, og Hildre Montessoriskule har takka ja til tilbodet om overtaking av eigedomen. |

ØKONOMIRAPPORT

Status på rekneskapen i forhold til budsjett pr. 2. tertial 2018 – Vurdering frå einingane og stab/støtte

ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 63,2 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Forbruket er om lag som venta i forhold til budsjettet, og ein reknar med at området kan kome ut om lag i balanse.

ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 66,9 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Forbruket ligg litt høgare enn tilsvarende periode i fjor. Spesielt gjeld dette innanfor IKT der lisenskostnadane er høgare enn tidlegare. Ansvarsområdet kom ut med eit mindreforbruk i 2017, og ein reknar med at ein i 2018 vil kunne kome ut om lag i balanse.

ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM.

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 67,3 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Overføringane til fellesrådet vil følgje budsjettet. Overføringane til andre trudomssamfunn vil ikkje vere klart før ved årets slutt men ein reknar ikkje med større avvik i forhold til det budsjetterte.

ANSVARSGRUPPE 21 – GRUNNSKULETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 66,6 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Gjennom året 2018 har vi fått tilflytting av nye elevar med fysiske hjelpebehov og nokre flyktningar med behov for ekstra norskopplæring. Det er usikkert om og korleis meirkostnadane knytt til dette heilet eller delvis kan bli dekka. Det er også ein auke på 1.518.000 på årsbasis i spesialundervisning til dei 3 private skulane som har elevar frå Haram.

Ein må ta ein gjennomgang i forhold til meirkostnadane og sjå om desse kan bli dekka inn. Det er vanskeleg å stipulere endeleg forbruk, men truleg får ein eit lite overforbruk.

ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 66,2 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Den kommunale delen av drifta ligg innanfor ramma i budsjettet. Det er eit meirforbruk på tilskot til private barnehagar tilsvarande 1 200 000,-. Avvik ved årsslutt er stipulert til å verte om lag 1 800 000,-. Oppfylling av lovmessige krav i tenesta gjer det vanskeleg å kunne hente inn meirforbruket i den kommunale delen av drifta.

ANSVARSGRUPPE 25 – FAMILIE, BARN OG INTEGRERING:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 66,3 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Dei fleste tenestene innanfor eininga (barnevern, PPT, helsestasjon, tiltak, flyktning og vaksenopplæring) ligg godt innanfor budsjettet, medan jordmortenesta ligg litt høgt. Vanskane med å halde budsjettkontroll i sosialtenestene held fram, og sidan dette dreier seg om lovpålagte oppgåver etter enkeltvedtak er det vanskeleg å redusere desse utgiftene. I tillegg vil vi måtte ta høgde for at tiltaksapparatet innanfor behandling av psykiske vanskår må aukast. Kostnadane til å førebu pålagt pakkeforløp vil kome i år, men så langt ein kan sjå reknar ein med å kunne dekkje dette innanfor ramma.

ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 79,1 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Ein del forventa inntekter kjem først på slutten av budjettåret, forbruket ser difor noko høgt ut. Ein har høgare kostnadar enn rekna med i budsjettet på tre ansvarsområde:

Ansvar 3101 Legetenesta;

I samband med kjøp av Vatne legekontor og rekruttering av nye legar ved kontoret, har ein erfart at det er behov for å prøve ut ein ny driftsmodell. Ein lukkast ikkje å rekruttere legar til å kjøpe praksisen, men det var større interesse for å jobbe som fastlege med fast tilsetting. Ein vil prøve ut denne driftsforma ved dette legekontoret .

I samband med tilsetting av to nye legar, er det i ein overgangsperiode til dei kan starte, behov for vikar. For å klare å dekke opp dette, samt i eit tilfelle av ein kortare permisjon for ein annan lege, har det vore nødvendig å nytte legar frå vikarbyrå. Dette medfører ein noko høgare driftskostnad enn vanleg. Ein har ikkje oversikt over kor mykje dette vil utgjere før ved slutten av året.

Ansvar 3160, Butenesta:

Nye brukarar av butenesta har medført behov for å utvide tilbodet. Delar av Solbakken er tatt i bruk som bustad for nokre brukarar med tilbod frå butenesta. Dette er ei utprøving av kva utforming bustadane til nokre i brukargruppa til Butenesta, treng å ha. Denne utvidinga har også medført behov for auka bemanning. Det var ikkje tatt høgde for slik utviding i årets budsjett. Delar av dette kan bli dekt inn gjennom tilskotsordning for ressurskrejande tenester, for seinare år.

Det er lagt inn forventa refusjon for ressurskrevjande tenester som er starta tidlegare, desse inntektene er avgjerande for å halde budsjettet.

Ansvar 3180, Dagaktiviseringa:

Utvidinga med nye brukarar har også auka behovet for utviding av Dagaktiviseringa. Det er gjort tilretteleggingsar og utviding av lokala til Dagaktiviseringa, og bemanninga er auka. Det var ikkje lagt inn auka lønsmidlar i budsjettet.

Det er gjort omprioriteringar innanfor budjettramma i eininga, for å prøve å dekke inn meirutgifter som her er tatt opp. Først ved avslutting av året, vil ein ha full oversikt over kor store desse meirutiftene blir.

ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSTENESTER

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 68,9 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

For einingar med heildøgnsteneste bør ein ikkje overstige 65 % pr andre tertial.

Eininga reknar med å få inn ca 3-400.000 kroner i vederlagsbetaling og ca 500.000 kroner i tilskot frå fylkesmannen knytt til eit prosjekt innanfor kvardagsrehabilitering. Dette er inntekter som normalt skulle vere rekneskapsført ved utgangen av 2. tertial.

Eininga ser likevel ut til å gå mot eit meirforbruk i 2018 i forhold til det budsjettet. Meirforbruket er knytt til

- Høgare internhusleige enn ein har lagt inn i budsjettet
- Høgare lønsutgifter enn budsjettet. Det har vore behov for innleige av arbeidskraft (ma. sjukepleiarar) for å dekke opp stillingar og der ein har vanskar med å rekruttere, og for å dekke opp vakter med ubekvem arbeidstid. Dette knyter seg i hovudsak til ferieavvikling og auka utgifter til natteneste på Longva og Eidet omsorgssenter, der ein har mått auka bemanninga med ei ekstra nattevakt (2 årsverk).

Samla meirforbruk i forhold til det budsjetterte utgjer ca. 5 millionar kroner.

Dersom omsorgstenestene skal kunne ta inn dette må ein redusere i personell og senger. Ein må då vurdere mulegheita for å stenge ein sengepost.

ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESAK, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 41,0 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Eininga har eit mindreforbruk på ca. kr. 650.000 i forhold til budsjettet.

Vi har i denne perioden auka kapasiteten på byggesakshandsaminga, men dei samla gebyrinntektene på byggesak og oppmåling ligg likevel ca. kr. 400.000 under budsjettete inntekter.

Forbruket i eininga er ein god del lågare enn budsjettet, og til tross for inntektssvikten bidreg dette til eit greit resultat for eininga så langt.

Grunnen til mindreforbruket er eit generelt lågt forbruk, vakant byggesaksstilling i første halvår og mindre bruk av midlar til kjøp av oppmålings- og rådgivningstenester mv.

I reknestykket er det teke noko omsyn til faste årlege utgifter/inntekter, som vert belasta mot slutten av året.

ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 85,2 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Dette er nokot høgt og skuldast at ikkje alle interne leigeinntekter er rekneskapsført.

I samband med nye rutiner for eigedomsforvaltninga skal alle kostnader knytt til utleigebustader no rekneskapsførast på ETD. Rest leigeinntekter (internhuskleige) på om lag kr 4 millionar blir rekneskapsført ved årsavslutninga.

Gebyrinntektene for vatn, avløp, slam, renovasjon og feiling i 2018 er dekkande for kostnadane og ein vil kunne gå ut med null i rekneskapet for sjølvkostområda

ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 50,4 % i forhold til årsbudsjettet.

Kommentar til resultatet:

Forbruket innanfor eininga ligg litt lågare enn det budsjetterte. Årsaka til dette er knytt til drifta av frivilligsentralen der dagleg leiar (frivilligkoordinator) ikkje var på plass før i mai. Dei andre ansvarsområda innanfor kultur, fritid og miljø ligg om lag som forventa i forhold til budsjettet, men ein må rekne med litt meirkostnadar knytt til biblioteket i tilknyting til utflytting frå eksisterande lokale i Strandgata i Brattvåg.

Samla vil ein kunne få eit mindreforbruk innanfor eininga, stipulert til ca. kr 200.000 ved årets slutt.

MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal ha medarbeidrarar som deltek aktivt i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling.

Vurdering i forhold til styringskortet:

| Prestasjonsmål | Kommentar |
|--|--|
| Kompetanseheving av leiarar i tversgåande oppgåver innanfor arbeidsgjevarpolitiske tema. (Det vert lagt til rette og gjennomført opplæring i HA, HTA, AML og anna aktuelt avtaleverk) | Det har til no vore gjennomført ei samling for aktuelle leiarar. Etter planen vil det bli gjennomført fleire samlinger med aktuelle tema i løpet av året. |
| Følgje opp tiltaksplan for reduksjon av sjukefråværet. Målsettinga er maks. 7 % fråvær samla for heile organisasjonen. Det skal følgjast opp med tiltak spesielt der fråværet er høgst. | Sjukefråværet i 2. kvartal var i gjennomsnitt 7,2 %. Sjukefråværet varierer fra eining til eining og mellom dei ulike arbeidsplassane. Nærare orientering om sjukefråværet og arbeidet med å få dette ned er tatt inn nedanfor. |
| Gjennomføre 10-faktor medarbeidarundersøking i heile organisasjonen. | Det er ikkje gjennomført fleire medarbeidarundersøkingar i 2. tertial. Fleire einingar er aktuelle, men ein reknar ikkje med å få gjennomført undersøkinga i alle einingane i løpet av året. |
| Sørge for god informasjon og brei involvering av leiarar og tilsette i arbeidet med dannninga av ny kommune. | Mange tilsette er no med i arbeidet med dannninga av ny kommune gjennom deltaking i styringsgrupper og/eller faggrupper. Informasjon vert løpende lagt ut på nettsida til nye Ålesund og på sosiale media. I tillegg vert det sendt ut informasjonsbrev fleire gongar i året, og arbeidet er jamnleg tema på personalmøter i organisasjonen. |
| Sørge for at aktuelle medarbeidrarar har god nok kompetanse knytt til innføring av velferdsteknologi. | Innføring av velferdsteknologi er eit kontinuerlig innsatsområde. Tilsette deltek i velferdsteknologiens ABC, men det har elles ikkje vore opplæring i 2. tertial. |
| Andre ting innanfor medarbeidarperspektivet som det vert rapportert om: Barnehageeininga opplever utfordringar knytt til å rekruttere nok kvalifiserte barnehagelærarar etter at ny pedagognorm vart innført. Haram kommune har i underkant av 5 årsverk på dispensasjon frå utdanningskravet. | |


Sjukefråvær:

Sjukefråværet var i andre kvartal 7,2 % samla for heile kommunen. Tilsvarande tal for 2017 var 9,1 %. Sjukefråværet er lågare enn tilsvarande periode i 2017 for alle einingar med unnatak av Grunnskuletenester, Helsetenester og Egedom og teknisk drift

| EINING | 1. kvartal | | 2. kvartal | | 3. kvartal | | 4. kvartal | | Sum 2017 |
|----------------------------------|--------------|---------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|-------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 | 2017 | 2017 | 2017 | 2017 | |
| Stab/støtte | 3,3 % | 4,8 % | 3,1 % | 6,4 % | 5,1 % | 3,6 % | 3,6 % | 5,4 % | |
| Grunnskuletenester | 7,2 % | 8,9 % | 5,8 % | 5,0 % | 2,8 % | 6,0 % | 6,0 % | 5,1 % | |
| Barnehagetenester | 11,5 % | 11,9 % | 10,1 % | 12,1 % | 7,6 % | 11,5 % | 11,5 % | 9,5 % | |
| Familie, barn og integrering | 4,4 % | 5,5 % | 3,4 % | 6,2 % | 4,3 % | 4,8 % | 4,8 % | 5,2 % | |
| Helsetenester | 9,3 % | 7,0 % | 7,6 % | 4,3 % | 4,7 % | 7,6 % | 7,6 % | 6,1 % | |
| Omsorgstenester | 10,7 % | 15,5 % | 9,0 % | 14,0 % | 10,7 % | 9,8 % | 9,8 % | 11,4 % | |
| Byggesak, landbruk og arealforv. | 1,2 % | 13,2 % | 1,4 % | 11,9 % | 8,7 % | 1,4 % | 1,4 % | 7,9 % | |
| Egedom og teknisk drift | 7,8 % | 8,9 % | 10,6 % | 9,8 % | 6,5 % | 8,3 % | 8,3 % | 7,9 % | |
| Kultur, fritid og miljø | 4,4 % | 16,6 % | 4,3 % | 7,0 % | 4,3 % | 0,4 % | 0,4 % | 4,6 % | |
| SAMLA HEILE KOMMUNEN: | 8,4 % | 10,7 % | 7,2 % | 9,1 % | 6,4 % | 7,7 % | 7,7 % | 7,8 % | |

Utvikling av sjukefråværet - tabell

NB! I einingar med få tilsette vil sjølv små endringar i sjukefråvær gi store utslag.



Utvikling av sjukefråværet - grafisk framstilling

Som vanleg er det stor variasjon mellom einingane, frå 1,4 % til 10,6 % fråvær. Bortsett frå Egedom og teknisk drift, har alle einingane ein nedgang eller om lag tilsvarande fråværstal som i 1. kvartal.

Samanlikna med 2017 har kommunen lågare fråvær både i 1. og 2. kvartal 2018, noko som gjev håp om at den jamne stigninga i fråværet dei siste åra har stoppa opp og er på retur.

I forhold til NED-satsinga, så kom kommunen i gong med NED-workshoper på avdelingsnivå i 2. tertial. Workshop er halde ved 2 barnehagar og for reinhald. Det er og fastsett datoar for NED-workshop for dei øvrige kommunale barnehagane, for dei to avdelingane ved Helsetenester som inngår i NED-satsinga, samt for halvparten av avdelingane innan Omsorgstenester. Desse workshopane er fordelt ut over hausten.

Når det gjeld resultat av NED-satsinga, så er det for tidleg å kunne vurdere dette i forhold til første halvår 2018. I tillegg til workshopen som vart halden for einingsleiarar, avdelingsleiarar, tillitsvalte og verneombod i april har det til no vore gjennomført avdelingsvise workshoper i 3 av avdelingane som inngår i NED-satsinga. 14 avdelingar står att.

Bevisstgjeringa rundt kommunen sitt arbeid med å få ned sjukefråværet og fokuset på deltagning i NED-satsinga og 10-faktorundersøkinga kan ha vore med på å påverke fråværet i positiv retning.

I samband med NED-workshopen som vart halde på leiarnivå i april, fekk einingane som ikkje inngår i NED-satsinga også tilbod om å melde inn ønskje om workshop på avdelingsnivå. Her er det imidlertid ikkje meldt inn ønskje om slike workshoper no.

Det vert elles arbeidd med å få fastsett tidspunkt for 10-faktor medarbeidarundersøking for dei forskjellige einingane. Til no har eining for omsorgstenester og stab/støtte gjennomført undersøkinga.

PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal vere i kontinuerleg og målretta utvikling, og tydeleg si rolle som aktør i samfunnsutviklinga.

Vurdering i forhold til styringskortet:

| Prestasjonsmål | Kommentar |
|---|---|
| Delta aktivt i dei ulike delprosjekta knytt til kommunesamanslåing for å oppnå fastsette mål. | Arbeidet er no omorganisert slik at ein har styringsgrupper for alle kommunalområde og stabsområde i den nye organisasjonen. Tidlegare delprosjektgrupper vert i stor grad vidareført som faggrupper under styringsgruppene. I tillegg er det oppretta mange nye faggrupper. Kommunen deltek aktivt i alle styringsgrupper og faggrupper. |
| Folkehelse, universell utforming samt barn og unge sine interesser skal vere gjennomgående tema i all planlegging. | Dette er gjennomgående tema som kommunen tilstreber å ivareta i all planlegging. |
| Saman for barn og unge skal remobiliserast for å styrke tverrfagleg samhandling i organisasjonen, og for å førebu ivaretaking av perspektivet i ny kommune. | Dette punktet heng saman med eit punkt i brukarperspektivet knytt til tverrfagleg samhandling for at barn og unge skal kunne meistre eige liv, kjenne seg trygge, inkludert og verdsett. Føresetnadane for å lukkast med det var å remobilisere saman for barn og unge. |
| Etablere gode rutiner for oppfølging av nye lovkrav, her under nye personvernreglar. | Haram kommune samarbeider no med dei andre kommunane i nye Ålesund med å etablere rutiner for oppfølging av nye lovkrav. I høve GDPR har dei fleste kommunane i Møre og Romsdal inngått avtale med IKA Møre og Romsdal som ivaretar funksjonen som personvernombod. To personer er tilsett der dei fordeler kommunane mellom seg, samtidig som dei samarbeider for å gi kommunane best mogleg støtte i arbeidet som pågår. |
| Frigjere ressursar gjennom å ta i bruk nye verktøy | Over tid vil ibruktaking av nye verktøy kunne frigjere ressursar, samtidig som ein i omstillingfasen må rekne med å bruke meir. Digitalisering, velferdsteknologi mv. er tiltak som vert arbeidd med, og som ein reknar med vil gi gevinstar. |
| Implementering og evt revidering av rutiner knytt til oversikt, tildeling og utleige av bustadar. | Eininga Eigedom og teknisk drift (ETD) er definert som eigar og forvaltar av kommunen sine eigedoamr og har ansvar for alle fasene med å erverve, drift/vedlikehald og avhending av eigedomar og bygg. Ansvarforholdet mellom eigar og brukar er regulert gjennom avtaler som omfatter bruk og drift av alle bygg. Arbeidet med implementering av ny forvaltning er starta med innføring av nye avtaler og med ny modell for føring av kostnadar og inntekter på alle bygg. |

Andre ting innanfor perspektivet for prosess og fornying som det vert rapportert om:

Kommunane i Nye Ålesund har etter anbodsrunde inngått avtale med Norconsult Informasjonssystemer AS om felles kartforvaltingssystem for sentral lagring og oppdatering av kart- og plandata i SFKB. Installasjon og opplæring vert gjennomført i 3.kvartal 2018. Sentral felles kartdatabase (SFKB) er eit forvaltingssystem der kartdata frå kommunane blir direkte oppdatert i ein sentral database hos Kartverket. Kartdatabasen gir alle brukarar tilgang til ferske og kvalitetssikra data.

I samarbeid med NTNU har omsorgseininga hatt eit forskningsprosjekt med utprøving av sosial robot på Eidet omsorgssenter. Ein prøver også ut andre velferdsteknologiske løysingar som room-mate, medikamentdispenser, GPS, geofence. Som en del av nye Ålesund deltek vi i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet.

Ein har pågående prosjekt med kvardagsrehabilitering der målet er meistring og at pasienten skal bu i eigen heim lengst mogeleg.

Barnehageeininger arbeider for å implementere ny rammeplan. Rammeplanen er ei forskrift til Lov om barnehagar.

Grunnskuleeininger har arbeidd godt med å lage handlingsplan og skulere alle tilsette i handteringen av planen som er kalla «Trygt skolemiljø». Denne planen tar utgangspunkt i kap. 9A i Opplæringslova som skal forebygge, oppdage og stoppe krenkingar og mobbing.

Rektorar og inspektørar har delteke i remobiliseringa for å styrke tverrfagleg samhandling i einingane som har ansvar for tiltak for barn og unge. Motivasjonen er god for å vidareutvikle dette arbeidet. Alle skulane vart sertifisert som Dysleksivenleg skule i 2.tertial.

Skuleiarane har starta opplæring inn mot nytt læreplanverk, «Fagfornyinga», som blir obligatorisk frå hausten 2020. Dette skuleåret vert det fokus på den generelle delen av planverket.

Vedlikehaldsarbeid for alle bygg blir utført i samsvar med vedtatt vedlikehaldsplan, tilstandsrapport og økonomiplan for perioden 2017 til 2020. I 2018 omfattar det mellom anna desse tiltaka:

- Brattvåg Barneskule. Renovering av råteskade, nytt låssystem og oppgradering av tak. kr. 1,2 mill
- Brattvåg ungdomskule. Renovering av ventilasjonsanlegg og nytt låssystem kr.1,3 mill
- Skifte av lysarmatur ved Lepsøy og Flem barneskular (fleire bygg) kr. 0,5 mill
- Renovering av toalett ved Haramsøy Ungdomskule kr.0,5 mill
- Renovering av tak Vesterheim og Dalebu kr.2,0 mill
- Haramsenteret. Heismotor og ny dør kr. 0,5 mill

Planen har ført til auka effektivitet og betre kostnadskontroll.



ØKONOMIRAPPORT PR. 2. TERTIAL 2018

(pr. 31.08.18)

(Tala pr. 2. tertial er ikkje endelege tal ettersom rekneskapen for august ikkje er slutført, men lønsutgiftene som utgjer største kostnaden er med. Resultata frå lokale lønsforhandlingar i haust som også vil påverke 2. tertial, er ikkje med ettersom det ikkje har kome med i rekneskapen endå)

Økonomirapport 2. tertial 2018

(pr. 31.08)

Generelle inntekter / utgifter - Rekneskapsskjema 1A

| | Rekneskap pr. 2.tertial 2018 | Budsjett 2018 | Rekneskap pr. 2.tertial 2017 |
|--|---|--------------------------|---|
| Skatt på inntekt og formue | -160 604 724 | -265 568 000 | -152 707 656 |
| Ordinært rammetilskot | -179 602 682 | -242 982 000 | -171 394 331 |
| Andre generelle statstilskot | | | |
| Komp.invest.grunnskule | 0 | -915 000 | -129 748 |
| Komp.invest. omsorg | 0 | -2 585 000 | 0 |
| Statstilskot flyktningar | -7 232 150 | -12 000 000 | -8 548 530 |
| Sum frie disponible inntekter | -347 439 556 | -524 050 000 | -332 780 266 |
| Renteinntekter bankinnskot | -1 607 140 | -1 000 000 | -1 484 500 |
| Renteinntekter formidlingslån | -876 724 | -1 200 000 | -670 237 |
| Andre renteinntekter | -43 583 | -100 000 | -59 540 |
| Avkastning likviditetsplassering | -633 540 | -900 000 | -1 447 356 |
| Verdiauke finansplassering | -14 446 047 | -16 000 000 | -12 771 395 |
| Renteutgifter ordinære lån | 12 373 923 | 27 912 000 | 15 732 833 |
| Renteutgifter formidlingslån | 1 045 511 | 1 200 000 | 897 155 |
| Avdrag på lån | 0 | 31 200 000 | 0 |
| Motpost avskrivninger (VAR) | 0 | -4 066 000 | 0 |
| Kalkulatorisk rente (VAR) | 0 | -2 282 000 | 0 |
| Avdrag på pensjonsavvik | 0 | 4 700 000 | 0 |
| Netto finansinntekter/utgifter | -4 187 600 | 39 464 000 | 196 960 |
| Til ubundne avsetninger | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av | | | |
| tidleg.reknesk.m.mindreforbruk | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne avsetninger | 0 | -9 000 000 | 0 |
| Bruk av bundne avsetnigar (fond | | | |
| VAR) | 0 | -2 431 000 | 0 |
| Netto avsetninger | 0 | -11 431 000 | 0 |
| Avsetning disp. | | | |
| fond | 0 | 1 070 000 | |
| Overføring til | | | |
| investeringsrekneskapen | 0 | 0 | 0 |
| Til fordeling drift (Rekneskapsskjema 1B) | -351 627 156 | -496 017 000 | -332 583 306 |

SKATTEINNGANG OG RAMMETILSKOT

Det er budsjettet med inntekter frå skatt og rammetilskot på 508,6 millionar kroner, i tråd med KS sin prognose. Etter andre tertial utgjer desse inntektene 340,2 millionar, eller 66,9% av budsjettet.

Nye tal frå SSB viser at kommunane i andre tertial har ein vekst i skatteinngang på 3,3% i høve til same periode i fjor. I RNB 2018 vert det anslått ein vekst på årsbasis på 1% for kommunane, som er eit nedjustert anslag i høve til NB 2018. Der var det anslått ein vekst på 1,3%. Nedjusteringa i RNB kjem av at ein meiner at lønsveksten i 2018 vert lågare enn tidlegare antatt. Skatteinngangen på landsbasis for kommunane ligg altså godt over vekstanslaga i RNB 2018.

Åtskilt har skatteinngangen for Haram vore slik i 2018 samanlikna med 2017:

| Månad | 2017 | Total 2017 | 2018 | Total 2018 | Endring | Endring i % |
|---------|------------|-------------|------------|-------------|-----------|-------------|
| Januar | 33 200 062 | 33 200 062 | 33 511 749 | 33 511 749 | 311 687 | 0,94 % |
| Februar | 877 653 | 34 077 715 | 1 927 407 | 35 439 156 | 1 361 441 | 4,00 % |
| Mars | 38 556 291 | 72 634 006 | 40 348 383 | 75 787 539 | 3 153 533 | 4,34 % |
| April | 1 113 411 | 73 747 417 | 977 688 | 76 765 227 | 3 017 810 | 4,09 % |
| Mai | 44 739 565 | 118 486 982 | 44 870 695 | 121 635 922 | 3 148 940 | 2,66 % |
| Juni | 1 441 122 | 119 928 104 | 4 124 251 | 125 760 173 | 5 832 069 | 4,86 % |
| Juli | 30 534 564 | 150 462 668 | 32 612 533 | 158 372 706 | 7 910 038 | 5,26 % |
| Aug | 2 244 989 | 152 707 657 | 2 232 019 | 160 604 725 | 7 897 068 | 5,17 % |

Kommunen har ein auka skatteinngang i 2. tertial, og ligg ved utgongen 5,17% høgare enn på same tid i fjor. Isolert sett for august månad er skatteinntektene litt lågare enn for august i fjor, men langt i frå så stor nedgang som på landsbasis (24%) der hovudgrunnen til nedgangen er nedgang i restskatt i høve til august i fjor. Prognose for Haram gir ein skatteinngang på noko under snittet (91,3%) på landsbasis. Differansen vil delvis utjamnast (95,3%) gjennom skatteutjamninga i form av auka rammetilskot.

ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT

Mesteparten av rente- og avdragskompensasjon frå investering i omsorg og skule kjem i desember månad. Husbankrenta gjennom året vil avgjere kva tilskota vert på. Ein må gå ut frå at ein tek imot om lag budsjetterte summar.

Heile momskompensasjonen går no tilbake til investeringsrekneskapen. Reglane for bokføring seier at heile momskompensasjonen på investering skal førast til inntekt i investeringsrekneskapen.

Avskriving og renter frå VAR område er sum som først vert endeleg utrekna ved rekneskapsavslutninga. Ein må gå ut frå at desse summane vert om lag som budsjettet.

AVDRAG OG RENTER PÅ LÅN

Mesteparten av låna er no utan fast avdrag. Budsjettet sum skal betalast og det meste av avdragssummen vert betalt 4. kvartal.

Tertiarrapporten viser berekna påløpne renter i perioden. For 150 millionar kroner er det bunde rente (swap) på 3,745% som løper fram til 2022. Vidare ligg 100 millionar kroner til ein swap på 3,365% som også løper fram til 2022, og 100 millionar til 2,000% som løper til 2025. Resten av låna ligg flytande mot Nibor renter i sertifikat og obligasjonsmarkedet. Det er budsjettet med ei snittrente på om lag 2,5% renter for 2018.

Ved utgangen av 2. tertial ligg 3. mnd. nibor rente på 1,03% utan kredittpåslag og p.t. renta på 1,7% med kredittpåslag. Det er venta noko renteoppgang i 2018, men budsjettet netto renteutgifter totalt bør likevel halde.

For nærmare oversikt lån og renter, samt nye låneopptak viser ein til vedlagt gjeldsrapport.

VERDI OG AVKASTNING AV MIDLAR PLASSERT I AKSJAR OG OBLIGASJONAR, SAMT AVKASTNING AV MIDLAR PLASSERT I LIKVIDITETSFOND

Pr. 1/1 2018 var investeringsfondet på kr. 261 685 855. Det er ikkje budsjettert med bruk av fondet i 2018, og det er heller ikkje betalt ut noko pr. 2. tertial frå fondet.

Pr. 1/1 2018 var verdien på midlane plassert i fond hos fire aktive forvalterar;

| | |
|--------------------------------------|------------------------|
| Langsiktige finansielle omløpsmidlar | kr. 295 328 196 |
| Likviditetsplasseringar | <u>kr. 34 474 338</u> |
| | kr. 329 802 534 |

Carnegie gjekk ut som forvaltar i februar, og Odin forvaltning kom inn.

Pr. 2.tertial 2018 har verdien på midlande endra seg slik;

| | | |
|---------------|--------------|--------------|
| Januar månad | verdiauke | kr 1 240 353 |
| Februar månad | verdiauke | kr 314 810 |
| Mars månad | verdinedgang | kr 2 510 757 |
| April månad | verdiauke | kr 6 362 979 |
| Mai månad | verdiauke | kr 2 303 715 |
| Juni månad | verdiauke | kr 730 341 |
| Juli månad | verdiauke | kr 3 297 063 |
| August månad | verdiauke | kr 3 341 084 |

| | |
|------------------------------------|----------------------|
| Netto verdiauke pr 2. tertial 2018 | kr 15 079 588 |
|------------------------------------|----------------------|

| | |
|---|-----------------|
| Samla innløysingar/uttak 1. og 2. tertial | kr - 90 221 122 |
| Innskudd ny forvaltar 1. tertial | kr 55 000 000 |

| | |
|---|-----------------------|
| Samla marknadsverdi finansforvalting pr 31/8-18 | kr 309 661 000 |
|---|-----------------------|


Herav,

| | |
|--------------------------|----------------|
| finansielle omløpsmidlar | kr 274 553 122 |
| likviditetsplasseringar | kr 35 107 878 |

Finansrapport pr. 31/8 2018 ligg ved denne økonomirapporten.

For 2018 er det budsjettert med 16 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga (inkl. mellomlang likviditet)

Figuren nedanfor viser eit totalbilde av kommunen sin samla gjeld og plasseringar.



OBS! Årets låneopptak på 43,085 mill NOK er ikkje med. Alle unytta lånemidlar (ekskl. årets låneopptak) som står på bankkonto er medrekna under likviditet og bankinnskot på aktivaside. Unytta lånemidlar og likviditet utlikar difor kvarandre.

Sjå elles vedlagt gjeldsrapport.

DRIFTSUTGIFTER OG -INNTEKTER

Nettoutgifter i driftsrekneskapen er etter 2. tertial på 338 millionar kroner, 68,7% av det budsjettet. Tabellen nedanfor viser korleis utgifter og inntekter for kommunen sett under eitt fordeler seg (finansinntekter/-utgifter og inntekter frå skatt og rammetilskot, dvs. ansvar 9000, er ikkje tatt med i tabellen).

2. Tertial 2018

| | Akkumulert rekneskap | Forbruk % | Årsbudsjett |
|-----------------------|-------------------------|---------------|--------------------|
| 10 Løn, sos.utg. | 289 198 056 | 66,3 % | 436 204 000 |
| 11/12 Innsatsfaktorar | 63 298 431 | 75,5 % | 83 822 000 |
| 13 Kjøp av tenester | 58 492 594 | 67,3 % | 86 852 000 |
| 14 Overføringer | 23 061 603 | 86,0 % | 26 831 000 |
| 15 Finansutgifter | 11 431 | 0,0 % | 26 722 000 |
| Sum utgifter | 434 062 115 | 65,7 % | 660 431 000 |
| 16 Salsinntekter | 52 612 892 | 57,7 % | 91 228 000 |
| 17 Refusjonar | 43 325 206 | 81,9 % | 52 901 000 |
| 18 Overføringer | 123 664 | 14,2 % | 869 000 |
| 19 Finansinntekter | 0 | 0,0 % | 23 487 000 |
| Sum inntekter | 96 061 762 | 57,0 % | 168 485 000 |
| Nettoutgifter | 338 000 353 | 68,7 % | 491 946 000 |

Brutto utgifter 2.tertial utgjer vel 434 millionar kroner. Av dette er 66,6% løn og sosiale utgifter (63,6% om ein tek omsyn til sjukelønsrefusjonen).

Utgifter til innsatsfaktorar er kjøp av varer og tenester som går inn som innsatsfaktorar i kommunen sin tenesteproduksjon. Dette gjeld til dømes forbruksmateriell, straum, inventar, forsikring. Kjøp av tenester gjeld utgifter til tenester levert til brukarane frå andre produsentar enn kommunen sjølv. Døme på slike kostnadar er driftstilskot til private barnehagar, opphold i barnevernsinstitusjonar eller kjøp av tenester frå interkommunale føretak.

Inntektene utgjer vel 96 millionar kroner, og ligg på 57,7% av det budsjettet. Refusjonar og overføringsinntekter er ofte ikkje jamt fordelt gjennom året. Avvik her må difor tolkast med dette i mente.

I tabellane på neste side ser ein utgiftene, inntektene og forbruk i % av årsbudsjett innanfor dei ulike driftseiningane. Tabellane gir same informasjon som Rekneskapsskjema 1B for 1. tertial vil gjere, men i tillegg på hovudkontonivå.

| 10 Politisk | | | |
|---------------|------------------|------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 1 965 936 | 3 465 000 | 56,7 % |
| 11/12 | 270 231 | 360 000 | 75,1 % |
| 13 | 748 162 | 1 020 000 | 73,3 % |
| 14 | 142 610 | 518 000 | 27,5 % |
| 15 | 269 | 0 | - |
| S.utg | 3 127 208 | 5 363 000 | 58,3 % |
| 16 | 0 | 47 000 | - |
| 17 | 22 686 | 404 000 | 5,6 % |
| 18 | 0 | 0 | - |
| 19 | 0 | 0 | - |
| S.innt | 22 686 | 451 000 | 5,0 % |
| netto | 3 104 522 | 4 912 000 | 63,2 % |

| 11 Stab/støtte | | | |
|----------------|-------------------|-------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 11 172 751 | 17 951 000 | 62,2 % |
| 11/12 | 5 367 451 | 6 073 000 | 88,4 % |
| 13 | 2 889 353 | 6 000 000 | 48,2 % |
| 14 | 1 067 329 | 1 933 000 | 55,2 % |
| 15 | 2 398 | 1 558 000 | 0,2 % |
| S.utg | 20 499 282 | 33 515 000 | 61,2 % |
| 16 | 761 124 | 3 338 000 | 22,8 % |
| 17 | 1 553 479 | 1 419 000 | 109,5 % |
| 18 | 0 | 0 | - |
| 19 | 0 | 1 558 000 | 0,0 % |
| S.innt | 2 314 603 | 6 315 000 | 36,7 % |
| netto | 18 184 679 | 27 200 000 | 66,9 % |

| 13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd m.m. | | | |
|-------------------------------------|------------------|------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 0 | 0 | - |
| 11/12 | 0 | 325 000 | 0,0 % |
| 13 | 0 | 0 | - |
| 14 | 4 824 750 | 6 843 000 | 70,5 % |
| 15 | 0 | 0 | - |
| S.utg | 4 824 750 | 7 168 000 | 67,3 % |
| 16 | 0 | 0 | - |
| 17 | 0 | 0 | - |
| 18 | 0 | 0 | - |
| 19 | 0 | 0 | - |
| S.innt | 0 | 0 | - |
| netto | 4 824 750 | 7 168 000 | 67,3 % |

| 21 Grunnskuletenester | | | |
|-----------------------|-------------------|--------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 71 291 682 | 103 675 000 | 68,8 % |
| 11/12 | 10 060 725 | 11 831 000 | 85,0 % |
| 13 | 2 438 035 | 3 010 000 | 81,0 % |
| 14 | 1 745 035 | 1 538 000 | 113,5 % |
| 15 | 2 092 | 8 358 000 | - |
| S.utg | 85 537 569 | 128 412 000 | 66,6 % |
| 16 | 2 611 371 | 3 349 000 | 78,0 % |
| 17 | 7 743 549 | 3 952 000 | 195,9 % |
| 18 | 105 464 | 0 | - |
| 19 | 0 | 8 358 000 | - |
| S.innt | 10 460 384 | 15 659 000 | 66,8 % |
| netto | 75 077 185 | 112 753 000 | 66,6 % |

| 23 Barnehagetenester | | | |
|----------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 25 859 450 | 37 680 000 | 68,6 % |
| 11/12 | 2 276 630 | 2 385 000 | 95,5 % |
| 13 | 28 515 832 | 42 346 000 | 67,3 % |
| 14 | 291 322 | 299 000 | 97,4 % |
| 15 | 102 | 904 000 | 0,0 % |
| S.utg | 56 943 336 | 83 614 000 | 68,1 % |
| 16 | 5 228 556 | 7 294 000 | 71,7 % |
| 17 | 2 699 756 | 592 000 | 456,0 % |
| 18 | 5 000 | 824 000 | - |
| 19 | 0 | 904 000 | 0,0 % |
| S.innt | 7 933 312 | 9 614 000 | 82,5 % |
| netto | 49 010 024 | 74 000 000 | 66,2 % |

| 25 Familie, barn og integrering | | | |
|---------------------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 29 552 956 | 43 835 000 | 67,4 % |
| 11/12 | 3 114 817 | 7 089 000 | 43,9 % |
| 13 | 1 998 402 | 6 011 000 | 33,2 % |
| 14 | 3 511 949 | 3 732 000 | 94,1 % |
| 15 | 626 | 55 000 | 1,1 % |
| S.utg | 38 178 750 | 60 722 000 | 62,9 % |
| 16 | 1 356 015 | 1 988 000 | 68,2 % |
| 17 | 7 001 752 | 13 684 000 | 51,2 % |
| 18 | 0 | 0 | - |
| 19 | 0 | 55 000 | 0,0 % |
| S.innt | 8 357 767 | 15 727 000 | 53,1 % |
| netto | 29 820 983 | 44 995 000 | 66,3 % |

| 31 Helsetenester | | | |
|------------------|-------------------|-------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 34 840 281 | 53 167 000 | 65,5 % |
| 11/12 | 6 608 365 | 7 263 000 | 91,0 % |
| 13 | 9 940 735 | 11 377 000 | 87,4 % |
| 14 | 1 010 819 | 817 000 | 123,7 % |
| 15 | 509 | 572 000 | 0,1 % |
| S.utg | 52 400 709 | 73 196 000 | 71,6 % |
| 16 | 3 119 780 | 3 813 000 | 81,8 % |
| 17 | 4 582 798 | 12 274 000 | 37,3 % |
| 18 | 3 500 | 45 000 | - |
| 19 | 0 | 572 000 | 0,0 % |
| S.innt | 7 706 078 | 16 704 000 | 46,1 % |
| netto | 44 694 631 | 56 492 000 | 79,1 % |

| 33 Omsorgstenester | | | |
|--------------------|--------------------|--------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 89 149 798 | 135 252 000 | 65,9 % |
| 11/12 | 19 546 388 | 21 033 000 | 92,9 % |
| 13 | 233 071 | 40 000 | 0,0 % |
| 14 | 1 893 879 | 2 556 000 | 74,1 % |
| 15 | 2 510 | 0 | - |
| S.utg | 110 825 646 | 158 881 000 | 69,8 % |
| 16 | 12 872 774 | 20 439 000 | 63,0 % |
| 17 | 10 558 373 | 11 682 000 | 90,4 % |
| 18 | 9 700 | 0 | - |
| 19 | 0 | 0 | - |
| S.innt | 23 440 847 | 32 121 000 | 73,0 % |
| netto | 87 384 799 | 126 760 000 | 68,9 % |

| 51 Byggesak, landbruk og arealforvaltning | | | |
|---|------------------|-------------------|---------------|
| | Reknesk. | Budsj. | Forbr. |
| 10 | 3 858 706 | 6 818 000 | 56,6 % |
| 11/12 | 535 613 | 1 729 000 | 31,0 % |
| 13 | 7 701 | 0 | - |
| 14 | 1 089 244 | 1 742 000 | 62,5 % |
| 15 | 0 | 31 000 | 0,0 % |
| S.utg | 5 491 264 | 10 320 000 | 53,2 % |
| 16 | 2 198 781 | 4 248 000 | 51,8 % |
| 17 | 1 516 244 | 1 704 000 | 89,0 % |
| 18 | 0 | 0 | - |
| 19 | 0 | 31 000 | 0,0 % |
| S.innt | 3 715 025 | 5 983 000 | 62,1 % |
| netto | 1 776 239 | 4 337 000 | 41,0 % |

| 52 Eigedom og teknisk drift | | | |
